

Ikke alliert ↓

101394

282

Siste tida i Regjeringa

Sverige) heldt oppe landområdet og sjølvstendet sitt, og dei baud seg til å gje ei trygd for desse to landa så framt dei skulle koma i fare for di dei hjelpa Finland i forsvarskrigen mot Russland. Den norske regjeringa takka for tilbodet, men sa at ho ikkje hadde noko ynske om å få det utforma i ein avtale, for ho ville ikkje gje seg inn i nokon ting som kunne så mykje som sjå ut som eit steg utafør den reine nøytraliteten.

Da det tyske overfallet på Noreg kom i april i år, vendte ikkje den norske regjeringa seg til Stor-Britannia eller Frankrike med bøn om hjelp; det var nett for di ho ikkje hadde vilja ta imot tilbodet frå desember i fjor. Ho heldt fast på den tanken at Noreg ikkje var sambunde med noko anna land. Hjelpa frå vestmaktene (og Polen) kom sjølvmint.

Sia har den norske regjeringa haldi fast på det standpunktet at ho ikkje ville ha nokon politisk sambands-avtale med nokon framand stat. Det har berre vori tinga om ein teknisk militær-avtale som gjeld vilkåra for norsk hær- og flåtestyrke i Stor-Britannia.

Stor-Britannia har derimot alt frå føre krigen ein sambands-avtale med Polen, og den har nyleg vorti oppattnya i ein militær-avtale mellom dei to regjeringane. Om det i denne avtalen er medteke noko om dei fredsvilkåra som skulle koma til å gjelde for Polen, har eg ikkje kunna få nokon kunnskap om. Heller ikkje veit eg om det er gjort nokon slik avtale for Nederland.

Den norske regjeringa har i alle høve korkje fått eller bedt om nokon lovnad frå Stor-Britannia om kva som skulle bli kravt for Noreg i ein endeleg freds-avtale. Og for min personlege part ville eg ikkje sjå nokon vinning i slik ein avtale. Eg reknar med at anten ein har avtale eller ikkje, så blir det interessene og makttilhøva som kjem til å avgjera fredsvilkåra. Eg trur det må vera ei viktig britisk interesse at ikkje tyskane får sitte med herredømet i Noreg, og så sant Stor-Britannia vinn krigen, torer vi da gå ut ifrå at det vil krevja tyskane ut or Noreg. Vinn ikkje Stor-Britannia krigen, hjelper det ikkje kva slags avtale vi har.

I denne samanhangen vil eg elles få peike på eit anna tilhøve som kan vera til hjelp for Noreg. Det er den interessa Russland kan ha av at inga framand stormakt får ha strategiske posisjonar i Noreg. Eg har grunn til å tru at den tyske riksregjeringa har måtta lova Sovjet-regjeringa, at når krigen er slutt, skal den tyske hærmakta bli dregen ut or Noreg. Vi veit på annan måte at Sovjet-regjeringa ikkje likar å sjå tysk hærmakt i Nord-Noreg. Ein kunne tenke seg at Sovjet-Samveldet og Tyskland kunne koma

til liks om å skifte N-Sovjet-regjeringa har - Noreg er sjølvstendig. krigen er slutt. Omsynsførchand bind seg altu rekknar Stor-Britannia f med den russiske senden det eg fortalde han om

Eg vil såleis råde ifrå med Stor-Britannia om - Ein kunne tenke seg fred med Tyskland utan avtale samstundes. Eit mellom Stor-Britannia den avtalen om slik fred lyt ein vel seia at spora kjem på tverke med f

Eit anna spørsmål er da styresmakter slike saker Britannia etter krigen, antarktiske tilhøve, kval Nielsen og Fjelstad har ord om, dem både ålme

Eg trur nok eg torer noko om vi tok opp slik krigen og dei spørsmåla det var mogleg å finne i såleis at dei folka innafør å gjera, fekk betre l om ein visseleg ikkje ga. Sj elles noko ulikt med.

a) Handelspolitikk er alle menneske likevel tal etter krigen. Her er man

Køht: For fred og frihet